



TIL UNDERVISAREN

8.-10. trinn

KJÆRE UNDERVISAR,

Temaet for årets Veke 6-kampanje for 8.-10. trinnet er «Samtykke og meg». Formålet med kampanjen er å gi elevane ei god forståing av kva samtykke er, kvifor samtykke er viktig, korleis dei kan gi og få samtykke, og konsekvensane av å ikkje få samtykke. Oppgåvene skal gjere elevane merksame på sine eigne kjensler og kroppslege reaksjonar, innsikt i kjønnsidentitetar og forskjellige seksualitetar, i tillegg til kunnskap om kjønnsorgana. Målet er at elevane skal kunne gjere informerte og reflekterte val for seg sjølv og andre.

Det er viktig å hugse at samtykke ikkje berre handlar om at begge partar skal seie «ja» til kvarandre, men også om å lære seg å vere merksam på kva kjenslemessig tilstand ein sjølv og andre er i. Elevane skal lære korleis dei kan vere merksame på korleis andre opplever ulike situasjonar, og at vi kan oppleve situasjonar forskjellig. Sjølv om vi har ei god hensikt, er det ikkje alltid at den andre parten opplever det som positivt.

Elevane skal også få kunnskap om at samtykke er noko som kan trekkast tilbake, altså at det er lov til å ombestemme seg. Målet er ikkje at eit gitt samtykke er ein bindande kontrakt, og at det dermed fritar ein frå å vere merksam og sjekke korleis den andre har det. Målet er at vi saman skal skape ein kultur der vi ser på det som vårt felles ansvar at alle er «med på leiken» og har det bra i samspel med andre. Dette inneber også at dette med å setje grenser og retten til å seie nei ikkje blir forveksla med ein rett til å halde andre utanfor fordi dei ikkje «samtykkjer» til at nokon skal få vere med.

Ein samtykkekultur skal ikkje føre til utestenging – tvert imot. Alt dette er ting som du som undervisar kan diskutere med elevane dine, gjerne med konkrete eksempel på situasjonar, og ved å bruke undervisningsmateriellet vårt.



TIL UNDERVISAREN

8.-10. trinn

TIPS TIL UNDERVISAR

I dette materiellet blir det brukt fleire ord som kan vere ukjende for elevane. Derfor kan det vere lurt å ha ein samtale om kjønn med elevane dine og gå gjennom ordlista som ligg i materiellet, før de begynner å arbeide med materiellet. For eksempel bruker vi ord som «cis-person» og «ikkje-binær person». Det same gjeld for kunnskap om kjønnsorgan: Dei fleste veit kva penis er, men ikkje alle kjenner til nemninga vulva. Å gå gjennom ord som elevane ikkje kjenner til, på førehand, kan auke læringsgleda deira og sørge for at alle heng med i undervisninga.

Arbeidet med dette materiellet kan opne for fine samtalar om livet og opplevingane til ungdommane sjølv. Dette kan gi deg verdifulle innblikk i livet til ungdommane – kanskje kan det føre til at du oppdagar at nokre av elevane i klassen din har hatt ubehagelege opplevingar som det er fint at du veit om, eller om det er opplevingar som er så alvorlege at dei må handterast straks, for eksempel når det gjeld seksuelle overgrep. Det finst fleire ressursar du kan nytte i ein slik situasjon, blant anna alarmtelefonen for barn og unge på nettsida www.116111.no, eventuelt på telefon 116 111.

Det kan også vere lurt å ha ein avtale med ein annan undervisar – å anten vere to lærarar i klasserommet, eller å ha ein lærar på utsida av klasserommet i tilfelle nokon treng ein pause eller ikkje klarer å vere med på seksualitetsundervisninga av ulike årsaker. Det kan også vere lurt å informere klassen nokre dagar i førevegen om at de skal ha seksualitetsundervisning på den og den dagen, slik at elevane dine har høve til å informere deg om at dei ikkje ønskjer å delta eller liknande. Somme gonger treng elevane å sleppe å vere med på slik undervisning på grunn av eigne opplevingar og liknande.